



**Sogn og Fjordane  
krets av NSF**



## **Styremøte 29.04.2012, Kjørnes camping Sogndal (KBK) ca 10:30**

Til stede: Erlend, Tone, Frida, Eirik, Sjur,  
Fråfall: Wenche

### **Sak 1, Oppvask**

Det var semje om at det har vore dårleg kommunikasjon frå kretsstyret til gruppene om PEFF-kurset som vart avlyst. Det har til tider vore dårleg kommunikasjon i styret også. Vi vart einige om at dette må vi unngå i framtida. Vi ser no framover og skal få til eit godt samarbeid i det nye styret.

Vi skal freiste å få til meir kommunikasjon på e-post utanom møta og må vera flinkare til å hjelpe kvarandre å fordele oppgåvene. Vi ynskjer å ha 3-4 møter i året gjerne knytt til arrangement.

Det har også vore dårleg/lite informasjon frå forbundskontoret til oss. Dette lovar dei skal verte betre.

Referat frå møte i kretsstyret skal godkjennast av styret og leggjast ut på nettsidene våre innan ei veke etter møte har funne stad.

Invitasjon til arrangement frå kretsen skal sendast ut 3 veker før arrangement og eventuelt før tilstøytane ferie. Det skal stå kven som er kontaktperson, når det er og kvar på invitasjonen. Fint med start og slutt tidspunkt om dette er mogleg. Det skal sendast ut meir detaljert informasjon nærare arrangementet.

Vi ynskjer å lage ein felles kalender for kretsstyret som vi alle kan sjå på. *Ansvar: Erlend og Tone*

Vi ynskjer også å ha ein felles lagringsplass for dokument fleire treng å ha tilgong til.

Vi må minne gruppene på våre arrangement fleire gonger.

### **Sak 2, Eventuelt**

Årsmøteprotokollen har ikkje vore lagt ut før KBK då den har mangla underskrift frå dei som skulle signere.

## **Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund**

Postadresse: v/Erlend Klakegg Bergheim, Parkvegen 5, 6856 Sogndal

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)

### **Oppgaver framover:**

Ledergruppesamling - planlegge kurs til hausten  
14-16 sept peff kurs i Nordfjord  
19-21 Okt Jota/Joti  
Ledertreningskurs

### **Nye nettsider?**

Diskuterte mulighetene for å lage nye nettsider med undersider til gruppene. Då tenkjer vi oss at kretsen kan også publisere sine nyhende på gruppene sine sider. Vi diskuterte også kjøp av domene. Kretsstyret jobbar vidare med saka.

Eirik overtar ansvaret for oppstart av nye speidergrupper.

Sjur skal flytte til hausten og gå på internasjonalt college i Mostar. Sjur søker om permisjon fram til neste årsmøte. Sivert vert invitert som representant for roverlaget med talerett i kretsstyret. Han må veljast og få stemmerett på neste årsmøte.

Styret stille seg positive til å ha meir kontakt og treffe gruppene. Vi må få invitasjon tidleg frå gruppene for å kunne gjennomføre dette.

Neste møte prøver vi å få til i juni. Tone finn dato.  
Vi skal ha møte på Jota/Joti 19-21 oktober.

Møte slutt ca: 11:45

### **Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund**

Postadresse: v/Erlend Klakegg Bergheim, Parkvegen 5, 6856 Sogndal

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: [sfj@scout.no](mailto:sfj@scout.no)